



Sprek gjeng med ein sprek rektor, Lilli Britt Urheim, midt i flokken!

Uskedal skule har gode tradisjonar med å ta elevane ut i den vakre naturen vår. Gjennom dei 7 åra på skulen har mange elevar fått oppleve turar til mange av dei flotte fjella i kommunen vår, - klassevis eller med heile skulen. Torsdag var heile skulen på tur til det kanskje stoltaste av dei vakre fjella våre, Ulvanåso.(FLEIRE BILETE).



Svært fornøgte med å ha nådd heilt til topps!

Frå Kalkestasjonen fordelte elevane og lærarane seg på ulike turgrupper. Dei fleste gjekk til Låganåso. Nokre gjekk til Geitedalstind medan andre gjekk heilt til Høgetind. Dermed fekk dei besøkt heile fjellpartiet. Det vert meldt om ein kjempekjekk tur. Det vart ei strålende oppleving i det vakraste haustveret ein kan tenkja seg.

Ein som var og leverte elevar ved kalkestasjonen om morgonen, bed oss å ta med at han var svært imponert over skulen si organisering av turen. Det var Odd Steinar Arnesen som stod for leiinga av den delen.

Kort sagt vart det ein heilt fantastisk dag for spreke og blide elevar, tilsette og foreldre. Naturopplevingar og meistringskjensle ein lever lenge på!





Mange av 7.klassingane hadde musikk på høgtalar og bålkos ved elva på Låganåso





Sigri og Norah kosa seg med grilla pølser og vassa i elva.





[Her nyt ein verkeleg dagen!](#)

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Odd Steinar Arnesen/Åse Neset/Janne G. Hjørnevåg.